



Fråsegn om reguleringsplan for Hardanger Lift – saksnr. 20/7865

Me viser til høyring om reguleringsplanen for Hardanger Lift og takkar for utsett høyringsfrist. Her fylgjer våre merknader til planen.

Samandrag

Gondolbanen Hardanger Lift er planlagt innanfor Hardangervidda villreinområde og medverkar til ytterlegare press på ei allereie hardt pressa villreinstamme. Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er uroa for dei negative konsekvensane av det fysiske inngrepet i seg sjølv, men også for ringverknadane ein gondolbane vil ha i form av auka ferdsle inn mot viktige villreinområde på Hardangervidda vest. Kunnskapsgrunnlaget for reguleringsplanen er allereie utdatert, ettersom vesentleg, ny kunnskap er lagt fram sidan oktober 2021: På den oppdaterte raudlista for truga artar som vart lansert i november 2021 er villreinen for første gong kome inn som nær truga. I april 2022 presenterte Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) på oppdrag av Miljødirektoratet den første klassifiseringa etter den lovfesta kvalitetsnorma for villrein, der Hardangervidda villreinområde vart klassifisert som «dårleg». Villreinen er ein ansvarsart for Noreg som me har eit særskilt, internasjonalt ansvar for å ta vare på. Kunnskapen er heilt eintydig: me kan ikkje halda fram med å leggja stadig meir press på villreinen sine leveområde, noko som Hardanger Lift vil medverka til. Konsekvensutgreiinga er i tillegg mangelfull og heller ikkje oppdatert etter ny raudliste når det gjeld fuglar og plantar. I lys av natur- og klimakrisa vil me også på generelt grunnlag fråråda å satsa på masseturisme som baserer seg på nye naturinngrep og auka trafikk, særskilt i sårbar natur.

Naturvernforbundet Hordaland meiner reguleringsplanen for Hardanger Lift ikkje kan godkjennast då den er basert på utdatert kunnskap om villreinen, og vil medverka til ytterlegare press på ein allereie sterkt pressa art. I tillegg er det vesentlege manglar ved konsekvensutgreiinga når det gjeld fugl og botanikk. Me viser elles til den meir utfyllande uttalen frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland som NVH også er med på.

Grensa er nådd for villreinen på Hardangervidda

Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen ettersom nesten heile den europeiske bestanden lever i Noreg¹. I 2016 vart villreinen for første gong vurdert som globalt

¹ <https://snl.no/ansvarsart>



truga som fylgje av ein bestandsnedgang på 40% sidan 1989². Då den oppdaterte norske raudlista vart lagt fram 24. november 2021, kom villreinen for første gong inn som «nær truga» også her til lands³. Menneskelege inngrep og forstyrningar er dei viktigaste trugsmåla mot villreinen, og klimaendringane vil i tillegg koma inn som ein stadig større pressfaktor⁴. Regjeringa vedtok i 2020 ei kvalitetsnorm for villrein med eit trafikklyssystem for å klassifisera dei ti nasjonale villreinområda i Noreg. Eit ekspertutval i Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) har på oppdrag av Miljødirektoratet starta klassifiseringa av villreinområda, og konstaterte i april 2022 at Hardangervidda villreinområde, som er det største og viktigaste villreinområdet i Noreg, ikkje oppfyller kravet om minimum middels kvalitet – og får raud fargekode⁵. Dette må Ullensvang kommune ta på største alvor, og det må på konsekvensar for arealforvaltinga.

Fjellområdet innover vidda frå Rossnos har i dag lite ferdsle frå denne retninga, men ifølgje Hardanger Lift AS skal gondolbanen frakta opp minst 110 000 passasjerar kvart år. Me er uroa for at dette vil føra til auka ferdsle innover i kjerneområda til villreinen, og medverka til endå større press og avgrensing av reinen si ferdsle til funksjonelle beite- og kalvingsområde på vestvidda. Også NaturRestaurering si villreinutgreiing slår fast at «en realisering av Hardanger Lift vil gi en økt samlet belastning innenfor kategorien menneskelig ferdsel, og vil kunne innskrenke samlet areal av funksjonelle reinbeiter i vest». Sidan utgreiinga til NaturRestaurering vart publisert har altså villreinen hamna på raudlista, og Hardangervidda villreinområde er klassifisert som dårleg etter kvalitetsnormen for villrein. At Eidfjord Resort har fått løyve til utbygging av Kommunal- og distriktsdepartementet vil, om det vert realisert, verta endå ein pressfaktor for villreinen på Hardangervidda.

Mangelfullt kunnskapsgrunnlag om fuglar og botanikk

Me ynskjer også å påpeika at me finn det underleg at det ikkje har vorte påvist ein einaste raudlisteart knytt til dei store snøleiene som Rådgivende Biologer har registrert i konsekvensutgreiinga for reguleringsplanen. Som me har erfart i andre utbyggingssaker, kan dei botaniske kartleggingane verta mangelfulle når kartleggarane brukar for lite tid i felt^{6,7}. Me reiser også spørsmål om det kan finnast artar i planområdet som ikkje var raudlista på tidspunktet Rådgivende Biologer gjennomførte feltarbeidet, som t.d. moseartar, og ber om at Rådgivende Biologer kommenterer dette i høyringsrunden.

I edellauvskogen nær Hjøllo er det påvist alm og ask, som også har fått ny vurdering på raudlista. Desse treslaga er no i kategorien «sterkt truga» - éin kategori ifrå «kritisk truga». Dette må også inn i kunnskapsgrunnlaget.

Også når det gjeld fulgar må kunnskapsgrunnlaget oppdaterast i lys av den nye raudlista frå november 2021, her t.d. jaktfalk og grønfink har gått frå kategorien «nær truga» til «sårbar»,

² <https://artsdatabanken.no/Pages/223592>

³ <https://artsdatabanken.no/lister/roedlisteforarter/2021/19057>

⁴ <https://forskning.no/dyresykdommer-klima-miljo/hyttebygging-og-sykdom-truer-norsk-villrein/1963769>

⁵ <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2991315>

⁶ <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/eO6IM/fant-roedlistede-arter-i-utbyggingstruet-vassdrag>

⁷ <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/L0RqEV/elvebredden-hadde-mange-roedlistearter-kraftselskapets-innleide-biologer-fant-ingen>



og er dermed éin kategori unna «sterkt truga»⁸. Me kan heller ikkje sjå at det har vore gjennomført fulgeregistreringar på eller nær toppen av Rossnos – noko som i så fall er ein klar mangel i konsekvensutgreiinga. Me finn det òg kritikkverdig at det berre er brukt seks timar i felt for kartlegging av fugl i eit så stort planområde.

Trass i manglane i kunnskapsgrunnlaget for natur, konkluderer konsekvensutgreiinga med at utbygginga av Hardanger Lift vil medføre svær stort negativ konsekvens for villrein og stor negativ konsekvens for øvrig naturmangfald.

I lys av den oppdaterte raudlista for utryddingstruga artar og det nedslåande resultatet av kvalitetsnormsklassifiseringa av Hardangervidda villreinområde, må dette medføre at reguleringsplanen vert avslått og utbyggingsplanane om Hardanger Skylift vert stoppa. Eit berekraftig og framtidsretta reiseliv kan ikkje basera seg på inngrep som aukar presset på naturen og artsmangfaldet.

Med helsing
Naturvernforbundet Hordaland

⁸ <https://www.artsdatabanken.no/taxon/Falco%20rusticolus/3910>